



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/7572-2

## **Høyring - forslag til endringar i plan- og bygningslova, og ein mindre justering i matrikkellova**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkeskommunen støttar eit obligatorisk krav til å ha planforum. Dette vil vere ei stadfesting av forumet si rolle som arena for god dialog med kommunane og regional stat. Fylkeskommunen ser verdien for kommunane av dialog tidleg i planprosessen.
2. Fylkeskommunen støttar framlegget om at mineralressursar vert ei eiga omsynssone etter § 11-8 tredje ledd bokstav c. Det vil kunne vere eit godt verkty for kommunane for å unngå arealdisponeringar som vil gjere framtidig arealbruk eller ressursdisponering vanskelegare.

Vedlegg:

- Høyringsbrev frå KMD med oppsummering av aktuelle endringar

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) hadde i 2015 på høyring fleire endringar i Plan- og bygningsliva (PBL). Desse gav FU fråsegn til i sak 107/15. KMD har no på høyring 11 endringar i plan- og bygningslova og ei endring i matrikkellova. Føremålet er å leggje til rette for ein meir effektiv planprosess. Målet er enklare, raskare og betre sakshandsaming.

Av dei 12 endringsframlegga er det to vi meiner det er viktig å gje attendemelding på:

- Innføre obligatoriske krav til regionalt planforum.
- Ta inn mineralressursar som omsynssone i § 11-8 tredje ledd bokstav c.

Dei andre framlegga til endringar i PBL vert vurdert som mindre viktige, har små konsekvensar eller er lite relevante når det gjeld fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### **Innføre obligatoriske krav til regionalt planforum**

Regionalt planforum skal vere ein møteplass for klarlegging og samordning av ulike interesser knytt til planspørsmål. Planforum har ingen formell mynde, korkje som vedtaks- eller meklingsorgan. Det er meint som ein arena for dialog i arbeidet med å legge til rette for ei samordna planlegging på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit godt fungerande planforum. I Nivi-rapport frå 2014 svarar 70% av kommunane i fylket at dei i stor, eller svært stor grad meiner at fylkeskommunen ivaretok ansvaret som planfagleg rettleiar på ein god måte. Det er i hovudsak kommunane som

ber om møte i planforum, men i 2016 har òg Statens vegevesen nytta planforum mykje. Vi har dei seinare åra stort sett hatt mellom 15 og 20 møte i året.

Planforum fungerer særleg godt når det gjeld overordna arealplansaker og større/komplekse reguleringsplansaker. Vi har og brukt planforum i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel, utan at vi heilt har lukkast med det. Dette kan vere fordi fagetatarane i planforum møter med tilsette med kompetanse hovudsakleg på arealplanar og i mindre grad tilsette med kompetanse innan samfunnsplassering. Vi vil fortsetje med å jobbe for gjere planforum til eit godt diskusjonsorgan også for samfunnsplasser.

Lovfestinga inneber ikkje eit krav til kommunane om å delta i planforum. I lovteksten i § 5-3 står det i dag i første ledd første punktum «I hver region *bør* det være regionalt planforum.» Det vert med dette forslaget endra til «I hver region *skal* det være regionalt planforum».

Eit vellukka møte i planforum er avhengig av at statlege og regionale fagetatarar set av tilstrekkeleg med ressursar til forumet. Det er viktig at dei har sett seg godt inn i dei plandokumenta og dei problemstillingane kommunane ønskjer å få attendemeldingar på. Denne lovfestinga er for vår del ikkje avgjerande for vidare prioritering av planforum, men det er ei stadfesting av planforum si viktige rolle i planarbeidet. Ikkje minst i høve målet om å unngå konfliktar i planarbeidet, og med det bruk av motsegner.

### **Mineralressursar som omsynssone i § 11-8 tredje ledd bokstav c.**

Omsynssoner blei tatt inn i plan- og bygningslova i 2008 som eit verkemiddel i kommunane si arealplanlegging. Omsynssoner kjem i tillegg til å angi konkret kva eit areal kan brukast til gjennom arealføremål.

Føremålet er å vise viktige omsyn og interesser som det må takast omsyn til, uavhengig av arealformål, og unngå arealdisponeringar som vil gjere framtidig arealbruk eller ressursdisponering vanskelegare. Det er og behov for at kommunane gjennom si planlegging kan synleggjere mineralressursar som kan være aktuelle for framtidig utvinning.

§ 11-8 tredje ledd bokstav c) første avsnitt heiter i dag: «Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.»

Framlegget til lovendring lyder: «Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, *mineralressurser*, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.»

Sogn og Fjordane er eit fylke med store mineralressursar, med kontinuerleg behov for byggjeraåstoff som grus og pukk, og med betydeleg potensiale for verdiskaping innanfor bergverksdrift. Eigen omsynssone for mineralressursar vil kunne vere eit godt verktøy for kommunane for å unngå arealdisponeringar som vil gjere framtidig arealbruk eller ressursdisponering vanskelegare.

### **3. Konklusjon**

Regionalt planforum er eit sentralt verktøy i planlegginga, og i dialogen statlege og regionale fagetatarar har med kommunane. Fylkesrådmannen har gode erfaringar med planforum gjennom dei siste 5-7 åra. Eit obligatorisk krav er ikkje avgjerande for fylket si prioritering av forumet, men vil vere ei viktig stadfesting av forumet si viktigkeit som arena for dialog med kommunane.

Fylket vårt har store mineralressursar. Eigen omsynssone for mineralressursar vil kunne vere eit godt verktøy for kommunane få å unngå arealdisponeringar som vil gjere framtidig arealbruk eller ressursdisponering vanskelegare.

Dei andre framlegga til endringar i PBL vert vurdert som mindre viktige, har små konsekvensar eller er lite relevante i høve fylkeskommunen sitt ansvar.